


# **POLITISK ORGANISERING I ULVIK HERAD**



**VEDTEKE I HERADSSTYRET 13.2.2003, sak 03/03.  
EVALUERT 21.6.2007, sak 32/07.**

# INNHALD

<b>1. BAKGRUNN, MANDAT OG MÅL</b>	<b>s.3</b>
1.1 Bakgrunn	
1.2 Mandat	
1.3 Prosess	
<b>2. HOVUDTREKK I KOMMUNELOVA</b>	<b>s.4</b>
<b>3. ULIKE STYRINGSORGAN</b>	
3.1 Funksjonsmodellen	
3.3 Områdemodellen	
3.3 Modifisert hovudutvalsmoell	
<b>4. EKSISTERANDE POLITISK STYRINGSSYSTEM</b>	<b>s.5</b>
4.1 Eksisterande politisk styring	
4.2 Den nye politikarrolla	
4.3 Ordførarvervet	
<b>5. KOMITEEN SIN KONKLUSJON</b>	<b>s.6</b>
5.1 Delegasjonsreglement	
<b>6. TILRÅDING</b>	<b>s.7</b>
6.1. Komitémodell - fleirtalstilråding	
6.2. Revidert hovudutvalsmoell- mindretalstilråding.	
6.3. Verknadstidspunkt	
6.4. Heradsstyret sitt vedtak av 13.2.2003, sak 03/03	
6.5. Politisk organisering – komitéarbeidet, sakHST-sak 025/04, revidert ved evalueringa i 2007	
<b>7. EVALUERING 2007</b>	<b>s.12</b>
7.1 Oppretting av komité for å evaluera den politiske organiseringa	
7.2 Komiteen sin konklusjon frå evalueringsarbeidet	
7.3 Politiske komitear	
7.4 Heradsstyret sin rolle	
7.5 Næringsarbeidet og investeringsnemnd	

# 1. BAKGRUNN, MANDAT OG MÅL

## 1.1 Bakgrunn

Vurdering av den politiske organiseringa i Ulvik herad kjem som fylgje av omstillingsprosessen (OU-prosessen). Den administrative organiseringa er gjennomført så langt at ein har gått vekk frå ”sektormodellen” og over til flat struktur med einingar og einingsleiarar direkte underlagt rådmannen. To-nivåmodellen med sjølvgåande einingar er innført.

## 1.2 Mandat

Heradsstyret vedtok fylgjande mandat i møte 24.10.2002, sak 58/02:

1. Ny politisk organisering i Ulvik herad skal ha fylgjande hovudmålsetjing;

**Den politiske organiseringa skal fremja interessa for politisk arbeid – spesielt mellom dei unge.**

Fylgjande delmål skal leggjast til grunn;

- Skapa ein raskare og meir effektiv avgjerdsprosess som sikrar politisk styring.
- Forenklingar og minst mogleg byråkrati.
- Fremja samhandling mellom folkevalde og administrasjonen.
- Interkommunalt samarbeid.

2. Komiteen skal leggja fram arbeidet sitt for heradsstyret innan 15. mars 2003.

## 1.3 Prosess

Komiteen sitt arbeid har hatt fylgjande prosess:

12.09.02: Heradsstyret vedtok i sak 051/02 å setja ned ein komité til å vurdere den politiske organiseringa i Granvin. Medlemer i komiteen vart; Nils J. Lekve, Kåre Fleten, Torunn H. Ljone, Egil Klubben, Kjell Røkenes, Knut A. Thorbjørnsen med tillegg av rådmann Steinar Sjøgaard. Reidar Meel har vore sekretær for komiteen.

14. 10.02: Komiteen hadde konstituerande møte Nils J. Lekve vart vald som leiar med Kåre Fleten som nestleiar. Komiteen utarbeidde framlegg til mandat.

24.10.02: Heradsstyret vedtok mandatet for arbeidet.

18.11.02: Ordføraren i Sauda kommune presenterte kommunen sin modell for politisk styring – komitémodell. Administrasjonen presenterte Hjelmeland kommune sin modell. Forsand kommune sin modell vart omdelt i møte. Ordføraren i Eidfjord og medlemer av formannskapet var med på møtet.

16.12.02: Komiteen tilrår politisk styringsmodell.

27.01.03: Komiteen slutfører rapporten som vert lagt fram for heradsstyret.

13.02.03: Heradsstyret handsamar komiteen sin modell for politisk styring.

## 2. HOVUDTREKK I KOMMUNELOVA

Nedanfor tek komiteen for seg lovverket som regulerer organisatoriske tilhøve i det politiske styringssystemet inkludert delegering (Referering til lovverket er til kommunelova dersom anna ikkje er spesifikt nemnt)

### §§ 6 og 7 Heradsstyret (lovpålagd)

Heradsstyret er øvste organet i kommunen

- under 5 000 innbyggjarar minimum 11 personar

Endring av medlemstal i heradsstyret må vedtakast i løpet av dei tre fyrste åra i valperioden, med verknad frå komande valperiode.

Heradsstyret kan delegera mynde unntatt i dei tilfella kor det i kommunelova vert nytta uttrykket; ”kommunestyret kan selv” eller ”kommunestyret vel selv”.

### § 8 Formannskap (lovpålagd)

Minimum 5 personar

Formannskapet skal handsama forslag og koma med innstilling til:

- Økonomiplan
- Årsbudsjett
- Skattevedtak

### § 9 Ordførar/Varaordførar (lovpålagd)

Ordførar/varaordførar skal veljast mellom formannskapsmedlemene.

Ordføraren si rolle:

- Leiar heradsstyret/formannskapet
- Er rettsleg representant for kommunen
- Underteiknar på vegne av kommunen kor dette ikkje er delegert til andre
- Møterett/talerett i alle politisk organ
- Kan få mynde til å gjera vedtak av ikkje prinsipiell karakter

### § 10 Faste utval/komitear (ikkje lovpålagt)

Heradsstyret oppnemnar/legg ned komitear etter behov og definerer kva arbeidsområde og mynde/mandat. Heradsstyret kan når som helst leggja ned/opprette faste utval/komitear. I faste utval skal det vera minst 3 medlemmer. Leiar kan få mynde til å treffa vedtak i ikkje prinsipielle saker.

### §§ 22 og 23 Administrasjonssjef/rådmann (lovpålagd)

I alle kommunar skal det tilsetjast ein administrasjonssjef/rådmann.

Rådmannen sine oppgåver/mynde:

- ansvar for at tenesteapparatet i kommunen fungerer på best mogleg måte for innbyggjarane/ folkevalde
- øvste leiar for den kommunale administrasjonen
- ansvar for forsvarleg saksutgreiing og at vedtak vert iverksett
- møte/talerett i alle folkevalde organ med unntak av kontrollutvalet
- kan få mynde til å treffa vedtak av ikkje prinsipiell karakter

Rådmannen har instruksjonsrett i heile administrasjonen og politiske organ kan berre delegera til administrasjonen via rådmannen.

—

### § 25 Administrasjonsutval (lovpålagd)

Alle kommunar skal ha administrasjonsutval som skal handsama forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

### § 60 Kontrollutval(lovpålagd)

Alle kommunar skal ha eit kontrollutval.

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale verksemda. Dette er ein intern kontroll som skal rapportere til kommunestyret. Ordførar, varaordførar, medlem/varamedlem av formannskap og kommunal nemnd med avgjerdsmyndemynde og tilsette i kommunen er utelukka frå val.

I tillegg skal det med heimel i andre lovar veljast medlemer til ei rekke nemnder og råd slik som; arbeidsmiljøutval, forliksråd, beredskapsråd, heimevernsnemnd, eldreråd, råd for funksjonshemma, skatteutval, likningsnemnd, overlikningsnemnd og liknande. Dersom heradsstyret finn det føremålsteneleg kan nokre av desse funksjonane leggjast til for eksempel formannskapet og takast med under utvalet/nemnda/rådet sitt ansvarsområde.

## 3. ULIKE STYRINGSMODELLAR

Etter at ny kommunelov (KL) vart gjort gjeldande frå 1993 vart det opna for ei langt meir fri organisering av det politiske og administrative styringssystemet. Tidlegare var det eit krav at dei ulike sektorane (skule, helse/sosial og teknisk) hadde eigne administrative leiarar og eigne politiske styre. I tillegg hadde ulike særlover krav til at det var politiske styre som forvalta særlovene. Frå 1993 vart desse krava i hovudsak vekke. Heradsstyret kan no, med nokre få avgrensingar i KL, organisera styringssystemet på ein slik måte at det høver til lokale forhold. I samband med denne prosessen har Kommunenes Sentralforbund (KS) skissert tre ulike teoretiske modellar for organisering av kommunane. Det viser seg at kommunane ofte vel modellar som er tilpassa lokale forhold, og sjeldan reindyrkar i høve til ein teoretisk modell.

### 3.1 Funksjonsmodellen

Funksjonsmodellen tek utgangspunkt i at det er tre funksjonar som skal ivaretakast;

1. Forvaltningsoppgåver
2. Tenesteyting
3. Utviklingsoppgåver

Organisasjonen er etter funksjonsmodellen bygd opp ut frå at desse tre funksjonane skal ivaretakast effektivt og rasjonelt. Funksjonsmodellen baserer seg på heradsstyret og formannskapet som sterke politiske organ. Hovudutvala er etter modellen skifta ut med programkomitear/mellombelse komitear. Administrasjonen vert etter denne modellen delt inn i to arbeidsområde; drift og utvikling. Enklare sakshandsaming vert ofte her samla i ein service/kunde torg (ekspedisjon). Det vert normalt fokusert i langt større grad på mål og resultat etter funksjonsmodellen enn ved hovudutvalsmodellen.

### 3.2 Områdemodellen

Områdemodellen er basert på at kommunen vert delt opp i geografiske soner med delvis eige sjølvstyre innanfor kvart område. Dette er ein modell som normalt er mynta på større folkerike kommunar, og er såleis lite aktuell for Ulvik herad. Modellen vert difor ikkje nærare omtala.

### 3.3. Hovudutvalsmodellen/modifisert hovudutvalsmodell


Hovudutvalsmodellen er den mest kjende og nytta modellen som har sitt utspring frå tidlegare KL (før 1993), kor dei vanlege sektorane har eigne politiske utval. Hovudutvalsmodellen har ofte fått kritikk for at den i for stor grad er sektororientert i staden for heilskapsorientert.

## 4. EKSISTERANDE POLITISK STYRINGSSYSTEM

Komiteen har vurdert eksisterande politiske styringssystem i forhold til gjeve mandat og kriterium i punkt 1.2.

### 4.1 Eksisterande politiske struktur

Ulvik herad har nytta hovudutvalsmodellen sidan slutten av 1980-talet. Politisk organisasjonsmodell har vorte revidert fleire gonger med siste evaluering i heradsstyresak 13/99:



### 4.2 Den nye politikarrolla

Sjølv om Ulvik herad har eit delegasjonsreglement som gjev vide fullmakter til rådmannen har det vist seg at det er utydelege ansvarsforhold mellom administrasjon, hovudutvala og overordna organ.

Politikarrolla er etter ny KL og ut frå generell samfunnsutvikling vesentleg endra i seinare tid. Kravet til politikarrolla har endra seg frå å vera saksfokuserert til å bli meir **mål- og rammestyrt**. Det fører til at administrasjonen må ha ansvaret for produksjon og driftsoppgåver, medan politikarane skal ha meir fokus på styring/prioritering og utvikling. Politikarane må gje administrasjonen **rammer og generelle retningslinjer**, og ha mindre fokus på detaljar og einskildsaker. Det fører til at det skal vera eit tydelegare skilje mellom politikarane sine oppgåver og administrasjonen sine oppgåver.

Politikarane skal på vegne av innbyggjarane forvalta kommunen sine økonomiske midlar på best mogleg måte og må tenkje heilskap. Dei må vera bevisst si ombodsrolle, kor innbyggjarane sine rettar og behov skal ivaretakast. Politikarane skal setja dagsorden, vera premissleverandør for kva administrasjonen skal utføre av teneste, og vera aktiv pådrivar for å utvikla lokalsamfunnet.

Komiteen finn at det eksisterande politiske styringssystemet pr. i dag ikkje ivaretek den nye politikarrolla. Slankinga av administrasjonen og politisk fokus på brukarretta tenester gjer at ein ikkje kan ha gårdsdagens politiske organisasjon. Krav til forenklingar, avbyråkratisering og modernisering medfører at det politiske systemet må tilpassa seg den nye kvardagen. Skal dei unge rekrutterast til politikken må det politiske systemet innby til fokus på rammer og overordna politisk arbeid, ikkje handsaming av einskildsaker.

#### **4.3 Ordførarvervet**

Ordførarvervet bør vera full stilling. Det kan søkjast om redusert verv. Godtgjersla vert fastsett årleg ved budsjetthandsaminga i desember.

### **5. KOMITEEN SIN KONKLUSJON –**

Komiteen har i arbeidet sitt vurdert eksisterande politiske system, gjennomgått andre kommunar sine styringssystem.

Komiteen finn at ei tilnærming mot funksjonsmodellen vil oppfylle fleire av kriteria som er fastsett under punkt. 3.1 på ein betre måte enn eksisterande styringssystem. Forutan strukturelle endringar må det utarbeidast nytt delegasjonsreglement som på ein betre måte fordelar ansvar og mynde.

Nytt styringssystem bør ta utgangspunkt i fylgjande oppgåvefordeling:

1. Forvaltningsoppgåver
2. Tenesteyting
3. Utviklingsoppgåver

(jf. utgreiinga pkt. 3.1)


#### **5.1 Delegasjonsreglement**

Som ein fylgje av ny styringsmodell skal det utarbeidast nytt delegasjonsreglement, der prinsippa for ny politisk styring vert lagt til grunn.

### **6 TILRÅDING**

Med bakgrunn i konklusjonar under kap 5 tilrår komiteen fylgjande ny politisk struktur for Ulvik herad – punkt. 6.1. Fleirtal med 4 av 6 møtande medlemmer (Fleten, Lekve, Ljone og rådmannen):

## 6.1 Komitémodell - fleirtalstilråding



I tillegg til desse utvala skal det veljast medlemmer og varamedlemmer til ei rekkje lovpålagde nemnder, styre råd og utval kor ikkje funksjonen er lagt til eit av ovanemnde utval. Dette gjeld mellom anna; arbeidsmiljøutval (3 arb.gj.+3 tilsette), forliksråd (3)\*, beredskapsråd, heimevernsnemnd, eldreråd, råd for funksjonshemma, likningsnemnd, overligningsnemnd, tilsynsnemnder for elvane og liknande.

Mellombelse komitear vert oppnemnt av heradsstyre i særskilte saker. Komiteane vil vera tidsavgrensa og ha klare mandat. Komiteane tilrår direkte til heradsstyret, jfr. elles pkt 5.3. Ved delt innstilling i komiteen skal alle tilrådingane leggjast fram for heradsstyret.

Den nye politiske organiseringa skal evaluerast i løpet av valperioden.

**\* felles forliksråd med Granvin herad.**

### 6.1.1 Komitear

Som eit ledd i det politiske utviklingsarbeidet eller i si saksførebuing, kan heradsstyret oppretta komitear etter framlegg frå ordførar eller medlemmer av heradsstyret.



Formannskapet kan oppretta komitear når særlege omsyn gjer seg gjeldande og opprettinga ikkje kan venta til førstkomande møte i heradsstyret utan at heradet sine interesser vert skadelidande.

Komiteen skal få konkrete og tidsavgrensa oppgåver, og skal levera si tilråding eller innstilling til heradsstyret. Når oppgåva er fullført reknar ein komiteen som avvikla.

Komiteen skal ha minimum 3 medlemmer.

Medlemene skal helst veljast mellom heradsstyret sine medlemmer og varamedlemer, men og andre personar med særleg interesse, kompetanse og bakgrunn kan veljast dersom tema eller saksområde gjer dette ønskjeleg. Fleirtalet av medlemene og saksordførar skal alltid koma frå heradsstyret.

Oppgåva som komitémedlem bør så langt råd er gå på omgang mellom heradsstyret sine medlemmar, slik at alle over tid får høve til å ta del i komitéarbeidet.

Komiteane har krav på naudsynt fagleg hjelp og sekretærtjenester for å utføra oppdraget sitt.

### **6.1.2 Saksordførar**

Som ledd i arbeidet med å utvikla og styrka det politiske arbeidet i heradsstyret, hjelpa til med utviklinga av rolla som folkevald og å gjera politisk arbeid meir interessant for fleire folkevalde, kan heradsstyret oppnemna saksordførar for ei bestemt sak eller ei bestemt utgreiings- og utviklingsoppgåve. Ordførar og medlemmer av heradsstyret har rett til å fremja forslag om kven som bør vera saksordførar. Oppgåva som saksordførar bør så langt råd er gå på omgang mellom heradsstyret sine medlemmer, slik at alle over tid får høve til å utøva rolla.

Saksordførar har følgjande oppgåver:

- leia den politiske prosessen i den aktuelle saka eller utviklingsprosjektet.
- ha ansvar for at framdriftsplan og tidsfristar vert følgde.
- utforma framlegg til innstilling til vedtak i heradsstyret.
- gje orientering eller greia ut om saka eller prosessen og framdrifta av den når heradsstyret har bestemt dette som ledd i sakshandsaminga, eller gjer vedtak om å be om ei slik utgreiing undervegs i prosessen.
- presentera saka og grunngje innstillinga i samband med heradsstyret si handsaming av komiteen si innstilling eller tilråding.

## **6.2. Modifisert hovudutvalsmodell – mindretalstilråding**

2 av 6 møtande medlemmer (Klubben, Røkenes)

HERADSSTYRET (17)

FORMANNSKAPET (5)

PLAN, TEKNISK OG MILJØ (5)

LEVEKÅR – OG OPPVEKST (5)

### **Formannskapet;**

Overordna økonomistyring, nærings saker, administrasjonsutval, klagenemnd, valstyre og hastesakorgan.

### **Plan teknisk og miljø;**

Planutval, bygningssaker, tekniske saker, miljø saker, jordsaker, konsesjonssaker, viltneemd og brannstyre.

### **Levekår- og oppvekst;**

Helse, sosial, skule, kultur og barnehage.

### **I tillegg til desse organa;**

Kontrollutval, eldreråd, klientutval, skatteutval og forliksråd mv.

Nokre av desse utval må vurderast lagt til andre organ, der det er heimel for dette.

### Protokolltilførsel frå Egil Klubben i høve til modell 6.2:

Kontrollutvalet må vera samansett av to frå heradsstyret og ein frå næringslivet.

## **6.3 Verknadstidspunkt**

Ny styringsmodell vert gjort gjeldande frå 1.3.2003.

*(Fleirtalet si tilråding; Fleten, Thorbjørnsen, Ljone, Klubben og rådmannen)*

*Mindreatalet si tilråding;*

Ny styringsmodell vert innført frå neste valbolc (1.11.2003). (Røkenes, Lekve)

## **6.4 Vedtak i heradsstyret 13.2.2003, sak 03/03.**

1. Rapport frå komiteen for politisk organisering vert godkjent slik den ligg føre .
2. Ordninga vert innført frå ny valperiode
3. Heradsstyret set ned ein komité som får i oppdrag å koma med framlegg til retningsliner for formannskapet og heradsstyret, delegasjonsreglement for Ulvik herad, og framlegg til reglement for godtgjersle til folkevalde.  
Komiteen vert samansett slik;
  - Nils J. Lekve, leiar,
  - Kåre Fleten, nestleiar,
  - Torunn H. Ljone,
  - Egil Klubben,
  - Kjell Røkenes
  - Knut A. Thorbjørnsen

Rådmannen peikar ut sekretær for komiteen.
4. Komiteen legg fram sitt arbeid for heradsstyret 8. mai 2003.
5. Mandat for komiteen:

- 6.1. Det skal utarbeidast retningsliner, og politisk delegasjonsreglement som tek med alle kjente delegeringar frå heradsstyret til formannskap og andre politiske organ, og rådmannen, jfr. vedteken politisk organisering.
- 6.2. Reglementet skal ta utgangspunkt i rapporten frå komiteen for politisk organisering.

6.3. Reglementet skal gje oversyn over fylgjande , moment:

- generelt grunnlag og delegeringsprinsipp
- kva organ det no vert delegert til
- intensjonar ved delegering av mynde frå heradsstyret til politiske organ/rådmann
- generell føresetnad for delegering
- delegeringsoversyn
- Prosedyrar for oppretting av komitear: Kven, kvar, korleis?
- Reint fleirtal? I heradsstyre?
- Ivareta småpartia?
- Tak på komitear?

#### **6.5 Politisk organisering – komitéarbeidet, HST-sak 025/04, Revidert ved evalueringa i 2007.**

1. Gruppeleiar for partiet tek kontakt med ordførar og ber om at det vert oppretta ein komité. Rådmannen kan også ta initiativ til å oppretta ein komité. Ordførar har ansvar for at saka kjem på sakskartet til heradsstyre.
2. Framlegg til komité saman med mandat og tidsfrist vert sendt ut saman med sakspapira til første heradsstyremøte. Det vert avsett ei økonomisk ramme for komiteen.
3. Komitear skal som hovudregel vera 3 politisk valde medlemar eller varamedlemar, men kan utvidast ved særlege høve. Andre personar med særleg interesse, kompetanse og bakgrunn kan veljast dersom tema eller saksområde gjer dette ønskjeleg. Fleirtalet av medlemene og saksordførar skal alltid koma frå heradsstyret.
4. I heradsstyremøte vert det følgjande prosedyre for sakshandsaming:
  - den/dei som har framlegg til komité får grunnleggjande/fortelja om bakgrunnen for sitt framlegg
  - mandat og tidsfrist vert avgjort av heradsstyre
  - heradsstyre avgjer kor mange medlemar komiteen skal ha
  - val av medlemar til komiteen
  - val av leiar i komiteen.

5. Leiar/saksordførar har ansvar for at det vert kalla inn til møte og at mandat/tidsfrist vert følgd opp.
6. Rådmannen har plikt til å stilla til rådvelde sekretær for komiteen. Dersom det er trong for ein fagperson i arbeidet skal rådmannen stilla dette til rådvelde.
7. All relevant informasjon og naudsynt materiell skal gjerast tilgjengleg.

## **7.0 Evaluering av den politiske organiseringa 2007**

### **7.1 Oppretting av komité for å evaluera den politiske organiseringa**

Ulvik heradsstyre vedtok i møte 14.2.2007, sak 10/07, å evaluera den politiske organiseringa i Ulvik herad og fatta slikt vedtak:

”Det vert vist til heradsstyrevedtak av 13.12.06, sak 49/06 – pkt. 11, oppretting av komité for vurdering av nytt reglement for godtgjersle til folkevalde m.m. Den same komiteen får også i oppgåve å evaluera den politiske organiseringa som vert nytta i dag, jfr. vedtak i heradsstyret 13.02.2003, sak nr. 03/03. Komiteen legg fram ei samla sak om dette før sumarferien. Det vert sett av inntil kr. 20.000,- av budsjettmidlar til arbeidet i komiteen.”

Valnemnda er politisk komité for arbeidet , og er samansett slik:

Knut Nes , leiar

Gunnlaug Lekve, nestleiar (Gunnbjørg Øyre som vara på eit møte)

Egil Klubben

Kjell Røkenes

Anette Hjeltnes (Håkon Gjerde har møtt som vara)

Bjørn I. Aarsand

Rådmannen har oppnemnt Reidar Meel som sekretær for komiteen

### **7.2 Komiteen sin konklusjon frå evalueringsarbeidet**

Komiteen ynskjer å vidareføra dagens politiske organisasjonsmodell.

### **7.3 Politiske komitear**

Komiteen meiner dei politiske komiteane har eit forbettringspotensiale på fylgjande punkt:

- Klarare mandat for komiteane.
- Sterkare fagleg råd/hjelp til komiteane.
- Låg terskel for å kunna delta i komiteane

Komiteen har føreteke konkrete endringar i pkt. 6.5, (HST-sak 25/04) i høve oppretting og samansetjing av komitear jf. pkt. 6.5.

### **7.4 Heradsstyret og formannskapet sin rolle**

Vidare ynskjer komiteen at heradsstyret sin rolle skal styrkjast ved at prinsipielle saker , som ikkje etter lov eller delegasjonsvedtak må gå via formannskapet, vert lagt direkte fram for heradsstyret til handsaming/avgjerd. Vidare er likestillingsarbeidet flytta frå formannskapet til administrasjonsutvalet.

### **7.5 Næringsarbeidet og investeringsnemnd**

Komiteen har drøfta mogleg styrking av dette arbeidet. Truleg er dei fleste medlemmene samde om at folkevalde medlemmer i ei investeringsnemnd (arbeidstittel) kan vera til hjelp for administrasjonen. Ein har ikkje konkret framlegg av di dette heng noko saman med organiseringa av næringsarbeidet. Komiteen har drøfta ei mogeleg omorganisering av arbeidet. Tankar har vorte presenterte i komiteen. Korleis andre kommunar driv næringsarbeidet har og vore drøfta. Komiteen oppmodar heradstyret å arbeida vidare med dette slik at ein kan vurdere om arbeidet kan forbetrast.